



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering.
Se mottakerliste nedenfor.

Dato: 18.11.2020
Vår ref: 15/00334-13
Deres ref:

Høring av søknad om driftskonsesjon for Dale 2 i Bjørnafjorden kommune. Søker: Knut Dale

POST- OG BESØKSADRESSE
Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00
E-POST post@dirmin.no
WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883
SWIFT DNBANOKK
IBAN NO5376940505883
ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR
TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) har fått inn søknad om driftskonsesjon etter minerallova § 43, datert 03.02.2015.

Med dette sender vi søknaden om driftskonsesjon på høring i samsvar med forvaltingslova § 17. Vi ber kommunen om å informere oss snarast dersom partar som saka vedkjem i særleg grad, ikkje står på adresselista for denne høyringa.

Høyringsfrist: 18.12.2020

Søknaden med vedlegg er tilgjengeleg på dirmin.no under «Saker til høring».

Samandrag av søknaden

Knut Dale (org.nr. 938 310 092) har søkt om driftskonsesjon for Dale 2 som er lokalisert på gnr./bnr. 16/2 i Bjørnafjorden (tidligere Fusa) kommune. Omsøkt konsesjonsområde er 2 dekar og fremgår av kart i høringsvedlegget. Det vert teke ut murestein og fasadestein av forskifra Gneis. Området er regulert til Steinbrudd og masseuttak i reguleringsplan Steinuttak Dale, 16/2, 3 og 4 - 15/6 vedtatt 03.10.2012.

Utenfor konsesjonsområdet er det eit område for vraksteintipp. Søker oppgir at dette er ei stabil fylling med 1:1,5.

Forventingar til høyringsfråsegnene

DMF ber om at offentlege etatar ut frå eige ansvarsområde vurderer om noko tilseier at driftskonsesjon ikkje bør tildelast, eventuelt om det skal stillast vilkår om avbøtande tiltak.

Private partar kan komme med innspel til relevante forhold i den aktuelle saka. Dersom noko ikkje er tilstrekkeleg belyst i søknaden, ber vi om opplysningar om dette.

Arealbruk er regulert gjennom plan- og bygningslova der kommunen er forvaltingsmyndigheit. Fråsegner knytte til dei arealdisponeringane kommunen har vedteke (arealplan, reguleringsplan og eventuell dispensasjon frå reguleringsplan), legg vi derfor ikkje vekt på i vurderinga vår.



Denne søknaden gjeld driftskonsesjon etter minerallova. Tildeling av driftskonsesjon erstattar ikkje krav om andre løyve, godkjenning, arealavklaring eller konsesjon etter anna lovgiving.

Vi ber **kommunen, fylkesmannen og fylkeskommunen** opplyse om tiltaket påverkar miljøet, mellom anna naturmangfald, kulturminne og forureining. Dersom kommunen eller fylkesmannen har informasjon om slik påverknad, vil vi gjerne ha ei utgreiing om eventuelle konsekvensar og konkrete forslag til avbøtande tiltak og vilkår.

Heile eller delar av høyringsuttalane kan bli refererte i vedtaket som seier om konsesjon blir gitt eller ikkje. Søkjaren får høve til å kommentere høyringsuttalar før vi gjer vedtak.

Kva vurderer DMF i samband med søknaden?

Formålet med minerallova er å fremje og sikre samfunnsmessig forsvarleg forvaltning og bruk av mineralressursane i samsvar med prinsippet om ei berekraftig utvikling. Alle uttak av mineralske ressursar større enn totalt 10 000 m³ og alle uttak av naturstein er konsesjonspliktige.

DMF vurderer søknadene etter skjønn før vi eventuelt tildeler driftskonsesjon. I vurderinga legg vi vekt på om søkjaren er «skikka» til å utvinne førekomsten. Det vil seie om prosjektet synest økonomisk gjennomførleg, om søkjaren har god nok kompetanse, og om det er lagt opp til bergfagleg forsvarleg drift av førekomsten.

Vi vurderer òg

- kva tiltaket betyr for verdiskaping og næringsutvikling
- korleis tiltaket påverkar naturgrunnet for samisk kultur, næringsliv og samfunnsliv
- korleis tiltaket påverkar omgivnadene og nærliggjande område under drifta
- kva miljømessige konsekvensar tiltaket får
- kva planar som ligg føre for etterbruk eller tilbakeføring av området

DMF stiller normalt vilkår ved tildeling av driftskonsesjon i medhald av minerallova § 43. Vilkåra omfattar mellom anna krav til driftsplan og økonomisk trygd for sikring og opprydding etter avslutta drift.

Høyringsfråsegnene skal sendast til

E-post: post@dirmin.no eller ordinær post: Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard, Ladebekken 50, 7066 Trondheim

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du og vår digitale kartløyving, som er eit nyttig



verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Arne Langeland
senioringeniør

Marit Ollestad
rådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Marit Ollestad

Mottakarar:

Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649 EIKELANDSOSEN
Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863 LEIKANGER
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020 BERGEN

Kopi til:

Knut Dale	Dalevegen 267	5642 Holmefjord
-----------	---------------	-----------------